



Innkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Vartdalsfjord
Dato	07.11.2022
Tid	kl 13.00

Gyldig forfall skal snarast meldast til Vest kontroll på post@vestkontroll.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast.

Varamedlemar møter berre etter eiga innkalling.

Medlemar som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemar kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumentata er publiserte på www.orsta.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 29/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/5509
PS 30/22	Godkjenning av protokoll	22/5509
PS 31/22	Orienteringar	22/5509
OS 06/22	Orientering frå kommunedirektøren - Utbyggingsavtalar	22/4267
PS 32/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/5509
PS 33/22	Referatsaker	22/5509
PS 34/22	Årsmelding, årsrekneskap, revisjonsmelding 2021 Volda og Ørsta Reinhadlsverk IKS (VØR)	22/5485
PS 35/22	Tertialrapport og finansrapport pr. august 2022	22/5468
PS 36/22	Budsjett for kontrollarbeidet 2023	22/5469
PS 37/22	Revisjonsplanlegging 2022 - Finansiell revisjon Ørsta kommune	22/5455
PS 38/22	Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet	22/2812
PS 39/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/5509

Ørsta, 26.10.2022

Sven Castberg



Vår referanse: 22/5509 22/25032

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 26.10.2022

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
29/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.



Vår referanse: 22/5509 22/25033

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 26.10.2022

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
30/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Godkjenning av protokoll

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Vedlegg:
Møteprotokoll - Kontrollutvalet - 07.09.2022



Vår referanse: 22/5509 22/25034

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 26.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
31/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Orienteringar

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
06/22	Orientering frå kommunedirektøren - Utbyggingsavtalar



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
06/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Orientering frå kommunedirektøren - Utbyggingsavtalar

Samandrag:

Viser til sak 28/22 i kontrollutvalet der følgande vedtak blei fatta:

1. Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen i Ørsta kommune om å sikre at det finst rutinar og prosessar som sikrar at saker ikkje blir liggjande ubehandla i systemet.
2. Kontrollutvalet ber administrasjonen i Ørsta kommune om å sende reglementet/retningslinjer i høve utbyggingsavtalar samt orientere om praksisen på neste møte.

Vedlegg:

Tilsendt protokoll frå kommunedirektøren

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren ved jurist Arnstein Nupen orienterer i møtet.

Vest kontroll

Jostein Støylen
dagleg leiar



Vår referanse: 22/5509 22/25035

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 26.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
32/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Gjennomgang av møteprotokollar

For best mogleg kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside –

<https://innsyn.orsta.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Eldrerådet	02.06	07.09	19.10
Formannskapet	06.09	27.09	18.10
Kommunestyret	16.06	15.09	06.10
Landbruksutvalet	05.09	17.10	
Levekårsutvalet	31.08	26.10	
Råd for likestilling av funksjonshemma	23.05	12.09	24.10
Sakkundig klagenemnd for taksering av eidegdomsskatteobjekt	23.05		
Sakkundig nemnd for taksering av eidegdomsskatteobjekt	01.09		
Samfunnsutvalet	28.06	13.09	25.10
Samfunnsutvalet som trafikktryggingsnemnd	25.10		
Ungdomsrådet	02.06		
Vilt- og innlandsfiskeutvalet	09.06		

VØR IKS Styret	07.06		
VØR IKS Representantskapet	26.04		
VØR IKS Klageutvalet?	?		
Retura Søre Sunnmøre AS			

Alle:

Kommunestyret
Formannskapet

Sven Castberg:

Levekårsutvalet
Selskap

Tore Thon:

Samfunnsutvalet
Samfunnsutvalet som trafikktryggingsnemnd

Hilde Aambakk

Eldrerådet
Råd for likestilling av funksjonshemma
Ungdomsrådet

Jetmund Øye:

Landbruksutvalet
Vilt- og innlandsfiskeutvalet

Sylvi Gula Hovdenakk:

Sakkyndig nemnd for taksering av eidegdomsskateobjekt
Sakkundig klagenemnd for taksering av eidegdomsskatteobjekt



Vår referanse: 22/5509 22/25036

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 26.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
33/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
10/22	Påvirker økt inflasjon kommunene
11/22	Rep.skap møte VØR



Vår referanse: 22/5485 22/24937

Saksbehandlar: Jorunn Sandal

Dato: 25.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
34/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Årsmelding, årsrekneskap, revisjonsmelding 2021 Volda og Ørsta Reinhadlsverk IKS (VØR)

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 for Volda og Ørsta Reinhadlsverk IKS til vitende.

Vedlegg:

Styret si årsmelding 2021 med årsrekneskap og revisjonsmelding

Protokoll frå representantskapet si handsaming av årsmelding og årsrekneskap 2021

26.4.2022

Protokoll frå styret si handsaming av årsmelding og årsrekneskapen 2021 29.3.2022

Saksopplysningar:

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 og Forskrift for Kontrollutval § 13 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Selskapet er eit interkommunalt selskap som driv med innsamling, sortering og vidaresending av avfall og kloakkslam for privatpersonar og næringsliv i Volda og Ørsta kommunar, med 21 500 innbyggjarar. Drifta er konsesjonsregulert og drive etter forureiningslova § 30 og 34.
- Retura Søre Sunnmøre er eit heileigd dotterselskap for levering av avfallsteneste til næringslivet. Årsrekneskap og årsmelding for dette selskapet ligg ikkje på selskapet sine heimesider og er ikkje oversendt oss.
- Årsmeldinga er innhaldsrik og interessann. Selskapet vil inspirere til gjenvinning og kjeldesortering og drive informasjonsarbeid.
- Årsrekneskapen for 2021 viser eit underskot på ca. 845 000 kr. I 2020 var det overskot på 4,5 mill. kr.
 - o Sjølvkostområdet for hushalds-renovasjon hadde eit overskot på 8 mill. i 2021. I 2020 var overskotet 3,5 mill.
 - o Sjølvkostområdet renovasjon hadde eit overskot på kr. 4,5 mill. som er overført til fond
 - o Sjølvkostområdet slam hadde underskot på 4,4 mill. kr. pga. opprydding av slamdeponi. Sjølvkostfondet for slam er negativt med kr. 2,2 mill. pr. 31.12.21, mot 2,3 ved utgangen av 2020
- Inntektene er på 41,5 mill. kr. Ein nedgang på 2,2 mill. frå 2020
- Det har vore gode prisar på levering av metall, plastemballasje, papp og papir i 2021.
- Selskapet si lånegjeld er kr. 99 mill. 31.12.2021. Ved utgangen av 2020 var gjelda på 82 mill. kr.
- Eigenkapitalen på 19,3 mill. kr. utgjer 15,3 % av totalkapitalen (sum gjeld og eigenkapital) 31.12.2021. Dette nøkkeltalet blir kalla eigenkapitalandel og soliditet, og seier noko om kor stor støtpute selskapet har for å tåle tap. Pr. 31.12.20 var dette nøkkeltalet på 18,9 %. Reduksjonen kjem som følgje av underskotet i 2021.
- Selskapet har ved utgangen av 2021 19 tilsette.
- Sjukefråvær er lavt med 3,8 %, mot 11,3 % i 2020. Selskapet har ikkje hatt alvorlege arbeidsuhell i 2021.
- Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt.
- Selskapet er iso-sertifisert etter ISO 9000. Internkontrollsystemet og kvalitetssystemet er slått saman.
- Viser til vedlegga for utfyllande informasjon.

Dagleg leiar Hans Peter Eidseflot møter for å presentere seg.

Vest kontroll

Jostein Støylen

dagleg leiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
35/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Tertialrapport og finansrapport pr. august 2022

Faktaopplysningar:

Tertialrapporten og finansrapporten for 2. tertial blir lagt fram for Kontrollutvalet slik at utvalet kan følgje med i den økonomiske utviklinga gjennom året.

Vi viser til kommunedirektøren og økonomileiaren sitt saksframlegg i kommunestyresak 74/22 6. oktober og vedlegga til saka.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek tertialrapporten og finansrapporten for 2. tertial 2022 til vitende.

Vedlegg:

Saksframlegg kommunestyret
Månadsrapport pr. august 2022
Finansrapport

Vurdering:

Tertialrapporten:

- Pr. utgangen av august viser den økonomiske prognosen for heile 2022 eit negativt netto driftsresultat på kr. 18,8 mill. som er kr. 5,8 mill., betre enn årsbudsjettet på minus 24,6 mill.
- Det negative resultatet dekkast ved bruk av disposisjonsfond.
- Forventa inntekter for 2022 ligg 27 mill. høgre enn budsjettet. Tilsvarande på kostnadssida er 16,7 mill. høgre enn budsjettet.
- Netto finanskostnad er 4,5 mill. høgre enn budsjettet. Sjå kommentarar til finansrapporten under.
- Rapporten er ikkje periodisert med pårekna inntekter og kostnader. Rekneskapskolonna viser rekneskapsførde, ikkje periodiserte inntekter og kostnader. Derfor er det så stort avvik mellom rekneskap og budsjett. Kommuneleiinga opplyser at prognosen er automatisk utrekna basert på konjunkturar i fjor og fordelingsnøklar og at alle beløp er kvalitetssikra.
- Det er alltid vanskeleg å lage årsprognosar i løpet av året. Det er mange usikre faktorar, t.d. skatteinngangen, rammetilskot, pensjonsutgifter, om alle covid-kostnadane blir refunderte, grensejustering mm. Prognosen er beste estimat på det tidspunktet vurderingane blei gjorde.
- Mange sektorar har utfordringar med å halde seg innan for rammene.
- Kommunedirektøren er uroleg for meirforbruka. Arbeidet med å finne innsparingar i tenester og struktur vil ha fokus i budsjettarbeidet.
- Sidan oppgjeret for grensejusteringa i Bjørke ikkje er endeleg avklara er r. 7,3 mill. av inntektene usikre.
- Sjukefråveret har vore 8,7 %, hovudsakleg langtidsfråvær. Det er nedgang frå 1. tertial då fråveret var på 11,7 %.
- AMU, bedriftshelse-tenesta, NAV lokalt, NAV Arbeidslivssenter, leiarar, tillitsvalde og verneombod samarbeider om å få ned sjukefråveret.

Finansrapporten

- Kommunen har endra forvaltar av sine langsiktige lån til Norne Securities.
- Lånegjelda var på totalt kr. 1,2 milliardar pr. 31.08. Dette er ca. på same nivå som 30.04. og 01.01.2022.
- Gjennomsnittleg lånerente er på 1,82 %. Auke frå ca. 1,4 % ved utgangen av 1. tertial. Det er utviklinga i den generelle lånerenta som slår ut her.
- 18 % av lånegjeld har fastrente. Målet er maksimalt 75 %.
- Gjennomsnittleg kapitalbindingstid er 1,73 år. Målet er minst 1 år.
- Gjennomsnittleg vekta rentebindingstid for renteberande gjeld er 0,62 år. Målet er 0,5 – 5 år.
- Målet er at ingen enkeltlån skal overstige 30 % av samla lånegjeld. Det høgste enkeltlånet er på 132 mill. Dette utgjer 11 % av låne-portefølgjen.
- Det var merkbart børsfall internasjonalt i august i år. I Norge var fallet mindre. I tillegg til Noreg Bank sin auke i styringsrenta er energi/straum-krise, vedvarande prisvekst/inflasjon og krig i Europa årsak til finansuro og kostnadsvekst.

Kommunedirektøren og/eller økonomileiaren vil vere i møte for å orientere og svare på spørsmål.

Vest kontroll
Jostein Støylen
dagleg leiar



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
36/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Budsjett for kontrollarbeidet 2023

Saksopplysningar:

Forskrift om kontrollutval og revisjon § 2:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven §14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2023 blir vedteke med ei ramme på kr 192 000.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2023, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2023 blir på om lag kr 1 347 450.

Vurdering:

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille nødvendige ressursar til disposisjon. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen der utgifter til utvalet si eiga verksemd, sekretariats-bistand og revisjon kjem fram.

Utdrag frå Kontrollutvalsboka: «For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.»

Det er forskriftsfesta at kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontroll og tilsyn skal leggjast fram for kommunestyret uendra. I kommune- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar for kontrollutvalsarbeidet står det:

«Budsjettforslag frå kontrollutvalet kan bare endres av kommunestyret. Grunnen til at kontrollutvalets budsjett er i en særklasse, er at utvalget skal være fritt og uavhengig av de organer som utvalget skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller et organ som kontrollutvalget skal kontrollere og ha tilsyn med, for eks. formannskapet eller administrasjonsutvalget, får innvirkning på tilsynsorganets budsjettramme.»

Kommunestyret kan sjølvsgatt vedta eit anna budsjett enn det kontrollutvalet foreslår for seg sjølv som organ. Administrasjonen skal ikkje ha innverknad på kontrollutvalet si budsjettramme.

Av KOSTRA-rettleiaren går det fram at kostnadspostane skal gå fram på funksjon 110 i kommunerekneskapen:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

Kontrollutvalet

	Budsjett 2023	Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Møtegodtgjersle	90 000	86 000	47 175
Arbeidsavgivaravgift	13 000	12 000	6 652
Abonnement aviser og fagtidsskrifter	3 000	0	2 125
Anna forbruksmateriell og diverse utgifter	5 000	5 000	
Konferansar, kur og opplæring	50 000	60.000	2 900
Reiseutgifter	20 000	10 000	
Lisensar	1 000		
Kontingentar	10 000	12 000	9 000
Sum kostnadar for kontrollutvalet som eige organ	192 000	185.000	67 852
Kjøp av revisjonsteneste frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon	650 000	553 000	

Kjøp av sekretariatstenester frå Vest Kontroll	505 450	482 000	448 303
Sum kostnader til Kontrollutvalet, revisjon og sekretariat	1 347 450	1 220 000	516 155

Vi har ikkje fått oppgitt rekneskapsført beløp for revisjon i 2021. Summen her kr. 516 155 manglar såleis revisjonshonoraret til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.

I tillegg til budsjettert beløp til Vest Kontroll i 2022 kjem kr. 45 000 som representantskapet gjorde vedtak om 30.09.2022. Dette dekker ekstrakostnader i år som følgje av arbeidet med å rekruttere ny dagleg leiar.

Tidsskrift/abonnement

Kontrollutvalet sine medlemmer får medlemsbladet til Norges Kommunerevisorforbund og abonnement på avisa Kommunal Rapport. Dette gjev utvalet tilgang på fagartiklar og problemstillingar som er nyttig for arbeidet i kontrollutvalet.

Opplæring og kurs

På grunn av koronapandemien var det få konferansar og kurs i åra 2020 til 2022. Ettersom det er valår i 2023 må midlar til opplæring vere tilstrekkeleg.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv m.a. dette om opplæring i Kontrollutvalsboka:

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte. Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalsmedlemmane held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til. Dei konferansane som er mest aktuell å delta på er Norges Kommunerevisors Forbund NKRF sin kontrollutvalskonferanse og Forum for kontroll og tilsyn FKT sin fagkonferanse.

Kontingentar

Kommunen har medlemskap i FKT. Storleiken på kontingenten er bestemt ut frå kommunen sitt innbyggjartal. No utgjer det ca. kr. 10 000.

Kjøp av revisjonstenester frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon SSKR

Styret i SSKR har foreslege kr. 650 000 overfor representantskapet. Budsjettet blir utrekna etter brukt tid dei siste fem åra og betalinga skjer etter timeforbruk. Timeprisen blir fastsett av

selskapet sin representantskap. Det er vere avvik mellom budsjettert beløp og det som blir fakturert. Budsjettbeløpet inneheld rekneskapsrevisjon/finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, etterlevingskontroll, attestasjonar, tippemiddelrekneskap, oppmøte i kontrollutval og kommunestyre, samt mindre konsulentoppdrag.

Kjøp av sekretariatstenester frå Vest Kontroll

Budsjettet for Vest Kontroll sine tenester til kommunen er vedteke av selskapet sitt representantskap

Saksgang

Budsjettframlegget frå kontrollutvalet om til kontrollordninga må leggjast inn i kommunen sin budsjettmodul og følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret.

Vest kontroll

Jostein Støylen
dagleg leiar



Vår referanse: 22/5455 22/24841

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 25.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
37/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Revisjonsplanlegging 2022 - Finansiell revisjon Ørsta kommune

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2022 – finansiell revisjon for kommunen, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Vedlegg:

Oppdragsvurdering
Selskapsinformasjon
Risikovurdering
Vesentlegheitsvurdering - fastsetting
Statusoversikt og kontroll pr 22.10.2022

Saksopplysningar og vurdering:

For å sikre ein forsvarleg finansiell revisjon har Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS utarbeida planleggingsdokumentet for revisjonsarbeidet for året 2022. Dokumenta er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumenta består av flg. informasjon (unnateke off. innsyn etter § i Offentleglova § 24 1. ledd): Oppdragsvurdering, Selskapsinformasjon, Risikovurdering, Vesentlegheitsvurdering og Statusoversikt og kontroll.

Finansiell revisor vert til stades i møtet. I den grad det er ønskeleg kan ho gå gjennom dokumentet og svare på spørsmål. Møtet må då lukkast etter Kommuneloven § 31 nr 2. Jf. Offentleglova § 24 1. ledd.

Vest kontroll

Jostein Støylen
dagleg leiar



Vår referanse: 22/2812 22/24926

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 25.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
38/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet

Saker som må vidare oppfølgast er merka i vedtaksoppfølginga.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Vedlegg:

Vedtaksoppfølging - dokumentet

Saksopplysningar:

Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.

Vest kontroll

Jostein Støylen
dagleg leiar



Vår referanse: 22/5509 22/25037

Saksbehandlar: Astrid Eline
Landsverk Sande

Dato: 26.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
39/22	Kontrollutvalet	07.11.2022

Saker til eventuell seinare behandling

